


ÅRSMELDING OG
REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA
REINHALDSVERK IKS



2004

STYRETS ÅRSMELDING 2004.

2004 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 17 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningsabb	Slamabb
Ørsta	4275	1002
Volda	3625	563
Sum	7900	1565

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 6 møter i 2004

Representantskapens sine medlemar er: Gudny Fagerhol – leiar, Oddrun Årflot – nestleiar, Vigeik Hustadnes, Knut Steinsvik, Marte Styve Holte, Nils Trovåg, Per A. Vatne, Signe Turid Barstad

Styret sine medlemmer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Ivar Aarskog - nestleiar, Ove Lid, Reidun Vigestad Berge, Ove Myklebust (tilsette sin representant i styret).

DRIFTA

Innsamlinga av avfall går bra utan store driftsforstyringar. På anlegget har vi derimot hatt utfordringar i 2004 med å vere à jour grunna auke i avfallsmengdene og intern byggeaktivitet. I juni var vi ferdig med utbygginga. Då hadde vi fått ny sorteringshall, ny lagerhall for papir og bos, ny omlastingsstasjon for avfall og ny mottaksplass for hageavfall.

Målet med utbygginga var meir rasjonell drift, og betre attvinning av avfallet i tråd med nasjonale miljømål. Resultata for andre halvdel av 2004 syner positive resultat i så måte. Heile 95% av avfallet går til attvinning mot 79,5 % året før. 27 % går til materialgjenvinning som råvarer til produksjon av nye materialar. 68 % går til energigjenvinning der avfallet er råvare til produksjon av energi.

Avfallsmengder 2004 i tonn.

Type	2003	2004
Hushaldningsavfall	4716,6	4847
Restavfall til energigjenvinning		1610
Papir / papp	1365,6	1326
Trevirke		164,6
Metall	267,0	341
Plast	60,7	74
Glas	106,3	97,6
Farleg avfall	36,6	74,7
E.E. avfall	159,1	247
Hageavfall	Ca 500	Ca 500
Restavfall til deponi	1858,7	442
Lager restavfall pr 31.12.04		480
SUM	9070,6	10203,9

Hushaldningsavfallet.

Mengdene som kjem inn med bilane aukar med 2,7 % i 2004.

Restavfall til energigjenvinning.

I juli 2004 starta vi med levering av næringsavfall til energigjenvinning. Dette var mengder som tidligare for det meste gjekk til deponi. Totalt leverte vi 1610 tonn til energigjenvinning i 2004.

Papp og papir.

Dei totale mengder av papp og papir gikk litt ned i 2004 noko som skuldast at fleire av dei store matvarekjedene no omset sin pappemballasje innafor kjeden. Innsamla kvantum hos hushaldningane derimot auka med 9,2 %

Glas.

Glasmengdene i -04 er justert for lager ved årsskiftet på nivå med tidligare.

Metall.

Metallmengdene aukar i høve 2003 noko som skuldast høgare volum med grovavfall og betre utsortering.

Plast

Mengdene av plast aukar jamt og trutt år for år. Kjeldene er industri, handel, landbruk og oppdrett. Ferdigsortert og pressa plast går til produksjon av plastgranulat, dvs råvare til produksjon av ny plast.

Farleg avfall.

Landsdekkande informasjonskampanjer og av det generelt betre miljøholdningar er truleg årsaka til at fleire no sender dette til gjenvinning / destruksjon. Noko av veksten kjem også på grunn av omlegging av rutiner, ved at emballasjen til maling, lakk og lim no følgjer med vara til destruksjon og dermed blir rekna inn i vektgrunlaget.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2004. Denne har gått ryddig og greitt og utan vanskar.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. produkta kan innehalde PCB, kvikksølv og bromerte flammehemmarar som er helseskadelege og som ikkje må dumpast i naturen.

E.E. innsamlinga fungerer no godt etter ein forsiktig start i 1999. Det ser vi ikkje minst på mengdene som aukar år for år. Innbyggjarane våre leverte 13 kg E.E. avfall pr innbyggjar i 2004 som er svært bra.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 11,4 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2004 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2004 for å avdekke avvik. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Nybygga på anlegget har betra arbeidsmiljøsituasjonen og risikoen for ulykker på anlegget ved at vi har fått klarare skiller mellom publikumsområda og anleggsområda.

VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar. Av våre tilsette er 26 % kvinner
Sjukefråværet i 2004 er på 5,16 %. Vi har registrert 12 dagar fråvær på grunn av to arbeidsuhell i 2004.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava.

Renovasjonsforskriftene.

Nye og oppdaterte renovasjonsforskrifter i høve endringane i forureiningslova pr 01.07.04 vart vedtekne i kommunestyra i juni -04.

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

Oppfølging av andre lovendringar.

I samband med endring av forureiningslova pr juli -04, vedtok representantskapen å skille næringsaktiviteten i selskapet ut i eit eige selskap frå 01.01.05. Selskapet har fått namnet Retura Søre Sunnmøre AS

ØKONOMI.

Frå og med rekneskapsåret 2004 rapporterer VØR sine rekneskapstal til Kostra. I den samanheng blir rekneskapen framstilt slik at resultatata no vert rapportert pr resultatområde. Årsresultatet syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr 599.171,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 363.929,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond slangebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 895.924,- for næringsrenovasjon som vert overført til fri eigenkapital. Hovudårsaka til resultatet ligg i stor volumauke på det inngåande avfallet, betre utsortering etter at nyeanlegget vart tatt i bruk og betre vilkår på det utgåande avfallet i andre halvår.

Styret meiner at forutsetninga for fortsatt drift er tilstade.

VØR har auka lånegjelda i 2004 med 7,5 mill kr.


Totalt sett er styret godt nøgde med året 2004, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 31.03.05


Ann Britt Våge Fannemel

Styreleiar



Reidun Vigestad Berge


Petter Bjørdal


Dagleg leiar


Ivar Aarskog

Nestleiar


Ove Myklebust

(tilsette sin representant)


Ove Lid

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Resultatrekneskap

	Note	2004	2003
Driftsinntekter			
Salsinntekt		26 318 760	23 038 340
Annan driftsinntekt		0	59 665
Sum driftsinntekter		<u>26 318 760</u>	<u>23 098 005</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		-40 832	-8 922
Lønnskostnad	2	-5 046 813	-5 594 111
Avskrivning	3	-3 177 184	-2 921 949
Annan driftskostnad	2	-15 156 229	-12 549 731
Sum driftskostnader		<u>-23 421 058</u>	<u>-21 074 713</u>
Driftsresultat		<u>2 897 702</u>	<u>2 023 292</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		264 024	453 507
Annan finansinntekt		30 000	10 500
Annan rentekostnad		-1 332 702	-1 394 627
Netto finanspostar		<u>-1 038 678</u>	<u>-930 620</u>
Årsresultat		<u>1 859 024</u>	<u>1 092 672</u>
Som er nytta til			
Overført fond etterdriftiltak deponi		0	-1 092 672
Overført fond til slambehandling		-363 929	0
Overført fond hushaldning		-599 171	0
Overført annan eigenkapital		-895 924	0
Sum disponeringar		<u>-1 859 024</u>	<u>-1 092 672</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse

	Note	2004	2003
EIGEDELER			
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	19 224 034	13 526 761
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskinar o.l.	3	6 001 149	7 199 022
Sum varige driftsmiddel		<u>25 225 183</u>	<u>20 725 783</u>
 <i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og andeler	6	861 582	152 315
Sum anleggsmiddel		<u>26 086 765</u>	<u>20 878 098</u>
 Omlaufsmiddel			
Varer	1	44 588	75 020
 <i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		2 217 952	748 287
Andre fordringar		532 406	1 188 571
Sum fordringar		<u>2 750 358</u>	<u>1 936 858</u>
 Bankinnskot, kontantar og liknande	4	5 813 495	7 241 155
Sum omlaufsmiddel		<u>8 608 441</u>	<u>9 253 033</u>
 SUM EIGEDELER		<u>34 695 206</u>	<u>30 131 131</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse


	Note	2004	2003
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Fond for etterdriftiltak deponi		1 092 672	1 092 672
Fond for slamhandsaming		845 284	481 355
Fond for hushaldning		599 171	0
Annan Eigenkapital	6	3 007 495	2 049 059
Sum eigenkapital		<u>5 544 622</u>	<u>3 623 086</u>
Sum eigenkapital		<u>5 544 622</u>	<u>3 623 086</u>
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>25 436 881</u>	<u>21 265 817</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		2 258 684	4 172 262
Skyldige offentlege avgifter		456 139	435 348
Anna kortsiktig gjeld		998 880	634 618
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 713 703</u>	<u>5 242 228</u>
Sum gjeld		<u>29 150 584</u>	<u>26 508 045</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>34 695 206</u>	<u>30 131 131</u>

Hovdebygda, 31. mars 2005


Reidun Vigestad Berge


Ove Lid


Ove Myklebust


Petter Bjørdal
dagleg leiar


Ann Britt Våge Fannemel
styreleiar


Ivar Årskog

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2004

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leiegavtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2004	2003
Løner:	3 818 929	4 191 785
Folketrygdavgift:	617 179	684 770
Pensjonskostnader:	508 876	514 781
Andre lønskostnader:	119 086	202 775
Sum lønskostnader:	5 064 070	5 594 111

Det har vore 12 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2004..

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	477 234	125 500
Pensjonspremie:	16 824	
Annan godtgjersle:	12 206	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis:

Pensjonspremie i året:	492 052
Pensjonskostnad i alt:	492 052

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2004 utgjer kr. 12495

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2004:	32 843 384
Tilgang:	7 676 584
Avgang:	450 467
Kostpris 31.12.2004:	40 069 501
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2004:	14 844 318
Balanseført verdi 31.12.2004:	25 225 183
Ordinære avskrivningar i året:	3 177 184
Ekstraordinær avskrivning transportmiddel:	0

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskott med kr. 222 822.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:

Gjeld til kredittinstitusjonar:	9 694 166
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	25436881

Note 6 Eigenkapitaltilskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemene vert belasta for eigenkapitaltilskot. Ein har i 2004 betalt kr. 18 254 som er balanse ført som eigenkapitalinnskot.

I åra fra og med 1994 til og med 1998 er det innbetalt kr. 62 513 i eigenkapitaltilskot til KLP. Dette er kostnadsført i rekneskapen som pensjonskostnader men skulle ha vore aktiverte. Dette er korrigert i 2004 ved direkte overføring frå konto for eigenkapital. Heile overføringa er gjort i 2004.

Sum innbetalt eigenkapitaltilskot er no kr. 80 767 medan KLP sitt estimat er kr. 126 354. Norsk Rekneskapsstandard seier at det er den lavaste av desse beløpa som skal nyttast i rekneskapen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA



REVISJONSMELDING FOR 2004

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2004 som viser eit overskot på kr. 1.859.024,-.

Årsrekneskapen, som er sammensett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av rekneskapsførar.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit forsvarleg uttrykk for selskapet si økonomiske stilling pr 31.12.04 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsberetninga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslag til anvendelse av årsoverskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Larsnes, 12. mai 2005

Halldis Moltu
Halldis Moltu
-registrert revisor-